

Olje eller Møllers tran?

Lars Emil Berge skryt i lokalavisene av Høgre si satsing på fornybar energi, og innanfor småkraftutbygging har han heilt rett i at både Høgre og Framstegspartiet har gjort ein god jobb og bidrege til betre rammevilkår. Samtidig er det slik at den kanskje største utfordringa for norsk småkraftutbygging i dag, ikkje er elsertifikat, men manglande kapasitet på linjenettet.

Lars Emil Berge hoppar imidlertid bukk over at verken den noverande regjeringa inkludert støttepartia, eller den raudgrøne regjeringa som sat med makta fram til 2013, har hatt nok fokus på å skapa nye grøne og framtidsretta arbeidsplassar. Her har mange land har gjort vesentleg meir enn Norge, og desse landa står langt sterkare når oljenedturen no for alvor slår inn. Problemet er ikkje om Arne Gjerde har Møllers tran eller vatn i badestampen sin. Nei, problemet er at landet vårt har bada i olje alt for lenge. Dette har gjort vår oljesmurte norske økonomi svært sårbar, sendt kostnadsnivået til himmels, og gitt nordmenn flest ein forbruksvekst som ikkje er berekraftig.

I 2013 gjekk Miljøpartiet Dei Grøne til val mot vår einsidige satsing på oljenæringa. I dag, to år etter, snakkar alle parti om det grøne skiftet, samtidig som både oljesubsidiene og oljepengane i statsbudsjettet stadig aukar. Verken Høgre, Framstegspartiet eller Arbeidarpartiet har gjort noko særleg for å stimulera utvikling av og investering i fornybar energi og eit grønt næringsliv. Dette gjer at Noreg kjem til å merka oljenedturen vi no opplever endå kraftigare enn det som hadde vore nødvendig.

Verda står ovanfor omfattande klimaendringar som trugar eksistensgrunnlaget på jorda, og det må store endringar til for å snu denne utviklinga. Vi treng difor eit fornybart og grønt taktskifte, og landet vårt har kompetanse, teknologi og finansielle ressursar til å leia an i dette arbeidet.

Tenk nytt, stem grønt ved valet 14. september!

Ha eit godt val!

Knut Førland,
Listekandidat
Miljøpartiet Dei Grøne